



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Våge, Hilde-Lill	Arkivkode: GBNR - 30/4
Arkivsaksnr: 17/231	Løpenr: 18/1650
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Kommunestyret	22.02.2018	006/2018

Godkjenning av byggerekneskap for ny vegtrase til Totræna

22.02.2018 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Arild Røen (H) orienterte om at det er i ferd med å bli oppretta veglag. Han orienterte òg om at skianlegget i Totræna er svært mykje brukt og at det til tider er utfordringar med parkering både på den nye parkeringsplassen i Totræna og ved vassrenseanlegget i Myra.

Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS- 006/2018 Vedtak:

Kommunestyret godkjenner prosjektrekneskapen for ny veg til Totræna.

Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner prosjektrekneskapen for ny veg til Totræna

Dokument som er vedlagt:

Byggjerekneskap Totrævegen

sak 10 2017 Endring tidsplan for finansiering - Rassikring veg Totræna (L)(153110)

Partsbrev med uttale frå kontrollutvalet til byggerekneskap for ny vegtrase til Totræna

Uttale til byggerekneskap ny vegtrase Totræna

Kva saka gjeld:

Godkjenning av byggerekneskapen for ny veg til Totræna

Bakrunn for saka/Fakta:

Kontrollutvalet har motteke byggerekneskap for ny vegtrase til Totræna, og skal etter sitt kontrollutvalet sitt reglement, kommunen sitt økonomireglement og internkontroll gje uttale til kommunestyret.

Kontrollutvalet sin uttale skal bygge på rekneskapen for ny vegtrase Totræna, og måten den er lagt fram på, som omfatter følgjende dokument:

- Byggerekneskap for ny vegtrase Totræna
- KS-sak 10/17 – Endra tidsplan og finansiering ny vegtrase Totræna
- Deloitte sin uttale til byggerekneskapen

Utover det som kjem fram av dokumenta i saka, og revisjonen sin uttale, finn ein at prosjektet er utført på ein tilfredstillande måte.

Konklusjon

Byggerekneskapen med vedlegg som er lagt fram gjev eit godt og oversiktleg bilete av prosjekt for ny vegtrase Totræna.

Kontrollutvalet tilrår at kommunestyret godkjenner prosjektrekneskap for ny vegtrase Totræna.